



LYNGMO GLYTTE



***Tidens første «Vestlandsvegar» er gjennomført.**

-Les meir inne i bladet!

*** TID FOR SOMMARLEIRAR**

*** TILBAKE I NORMAL DRIFT**



Sommerleir 2017

På vei til Himmelen



 imfung.no

**- Sjå baksida for å
finne meir informa-
sjon om leirane!**



Helsing frå Lyngmo

Gode Lyngmo-vener!

Det nærmar seg sommar og leirtid! For mange er sommarleir på Lyngmo ein fast start på sommaren. Godt fellesskap, trusopplæring med Bibeltimar og møter, is og snop i kiosken, kanopadling og badeliv (for dei som vågar seg ut i det kalde Hafslavatnet). Staben på Lyngmo gler seg til å ønskje borna velkomne på leir! Til alle som er foreldre og besteforeldre vil me minne dykk på at de har ei viktig rolle i å sende borna dykkar på leir.

Denne våren har nybygget blitt teke i bruk for fullt. Vasslekkasjen frå i haust er utbetra og mange små og store prosjekt etter utbygginga er fullførte. Sjølv om mykje er gjort er det framleis nok av oppgåver å ta til med. Mest mogleg skal fullførast inne og ute slik at Lyngmo er så godt rusta som mogleg når leirdelta-karar og turistar sjekkar inn på den flotte leirstaden vår i midten av juni. Blant anna skal det leggjast ny asfalt utanfor hovudinggangen, noko som vil gjere reinhaldet innandørs enklare!

Dei siste åra har mykje tid gått med til planlegging og bygging av kontorfløyen. I vinter har styret derimot brukt tid på å sjå på drifta og bemanninga. Det er ei stabil og god drift, der me har arrangement ca. 230 dagar i året. Bemanninga er fordelt mellom 4 årsverk med fast tilsette, 1 årsverk med sommarvikarar og 4,5 årsverk med dugnad. Staben og styret ser at det har blitt meir utfordrande å skaffe dugnad dei siste to åra. Då tenker me spesielt på leirleiarar og dugnad til kjøkkendrifta. Styret jobbar aktivt for å skaffe meir

dugnad og håpar å skaffe fleire nye i dette arbeidet. Ein stor del av atmosfæren på Lyngmo er bygd opp ved at mange har fått eigarskap til plassen gjennom nettopp dugnadsarbeid. No treng me å rekruttere fleire medarbeidarar! Samstundes skal de som trufast stiller opp få oppmuntring og heider for innsatsen de legg ned! Styret har ei klar målsetjing om at styret, tilsette og alle dugnadsvenene, i fellesskap, skal halde oppe arbeidet. Då kan me nå målsetjinga for leirstaden vår: At born og unge må få høyre og lære om Jesus! I Romarbrevet 10,13 – 14 vert me minna om dette: *«Kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst. Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner?»*

Vil med dette ønskje alle ein riktig god sommar!

-Kjetil Stautland-



Endelig er stilas og stablar med gipsplater borte vekk, og me kan på nytt få ta i bruk internatstova som var eit av romma som blei råka av vannlekkasjen me hadde her i november. Etter nokre år med unntakstilstand her på huset, er det fint å registrere at me byrjar å komme tilbake til normal drift.

Regionsårsmøte NLM

For første gang var Lyngmo vertskap for regionårsmøte til NLM Region Vest. Det er eit av dei største arrangementa me har hatt på Lyngmo. Helga inneheldt eit variert program for alle aldersgrupper. Det var eige program for borna og ungdommane medan utsendingane tok seg av årsmøte-sakene. I tillegg var det fellessamlingar for

alle. Helga vart avslutta med familiemøte søndag formiddag.

Me er veldig glade for at NLM valde å ha regionsårsmøtet sitt her. Det er flott å få vèra med på å leggje til rette for ei inspirerende helg til vidare innsats i dei lokale laga, forsamlingane og foreiningane me har.



Fullsett møtesal under årsmøte-forhandlingane.



**NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND**



Einskilde tykte det var friskt satsa med grilling i april. Men, sjølv om det var litt kaldt var gjestene godt nøgde med grillmåltidet!



Historien om den bortkomne sau. Her visualisert med marshmallows.

Tilbakeblikk




16. mai treff for ungdom

16.mai kom i år også, og tradisjon tru hadde me arrangement her på Lyngmo. På programmet stod blant anna Kontorstolchallenge. Her fekk dei framførte prøva seg i blant anna presisjonstrilling og stafett.

Mykje leik og moro i gymsalen. Her held Jonatan Hurthi godt på «hatten» sin :)




Juleverkstad



Mange ivrige i gang under juleverkstaden, mon tru kor mykje av det som vart laga som kom under juletreet.




Barnas Supersøndag



*Bilete frå avslutnings-møte og aktivitetar under Barnas Supersøndag i vår.
Barnas Supersøndag er eit samarbeid mellom Lyngmo og kyrkja.*

«Små» forandringar




Det er ikkje sikkert du hadde lagt merke til det, og slik er det vel ofte med små detaljar? For oss som jobbar fast på Lyngmo er det ekstra gledelig å få på plass nye løysningar som gjer at arrangementa våre flyt betre. Det at me no til dømes har fått på plass eigne skohyller og mange nye knaggar, gjer



ting lettare når me har huset fullt med små born. Istadenfor at sko står strødd over alt ute ved hovudinggangen har me no ein fin oversiktleg plass kor ein kan sette dei. Me har og fått eit fint nytt dekke på den nye verandaen og som er med på å løfte totalinntrykket av leirplassen vår.

Effektivisering - nytt bookingsystem

Me har no i vinter jobba med å få på plass eit heilt nytt bookingsystem. Det er mange leverandørar av slike tenester, men me opplev å ha landa på ei god løysning. Eit slikt system vil effektivisera særskilt det som har med bookingar av rom og hytter tilknytt turistsesongen. Me har rekna litt på det og i arbeidstimar vil me spare oss om lag 100 timar kun i administrering av bookingar. Dette er godt over 2 arbeidsveker me heller kan nytte til barne- og ungdomsarbeid!



Slik ser det nye bookingprogrammet ut, noko meir tiltalende enn dei gamle Excel – filene!

Vestlandsvegar 17

Kristi Himmelfarts-helga trilla det inn ein gjeng med spreke syklistar frå heile Sør-Norge på Lyngmo. Det var ikkje «Tour des Fjords» - deltakarane (stort sykkelritt som gjesta Sogn dei same dagane). Det var ein gjeng menn i ulik alder, frå studentar til pensjonistar. Dei var svært klare for tidenes første (..?) mannsleir på Lyngmo.



Eg (Kjetil Stautland) kunne merke skilnaden då eg kom inn døra andre kvelden for å væra med på eitt av kveldsmøta. Noko var annleis. Det var noko som låg i lufta. Det var..

- Låg sminkefaktor
- Kleenex-boksane i møtesalen var vekke

- «Salatbaren» til frukost var bytta ut med egg, bacon og vafler!
- Ingen pyntekomitee
- Til og med pynte-lysa framme i møtesalen var det ikkje nokon som hadde tenkt på å kveike.



Med andre ord; denne gangen var det men-
na sin tur til å innta Lyngmo! På Lyngmo har
me vore vande med dameleir i ulike former
og fargar. Dei ytre rammene som møtte
meg var heilt annleis enn i samband med
«Inspirasjonshelg for kvinner»... Likevel var
det noko som var likt. Her var det folk som
hadde søkt saman for å ha fellesskap og for
å læra meir om Gud og forholdet vårt til
Frelsaren vår.

Jørgen Storvoll, lærar ved Fjellheim bibelsko-
le, underviste om det å vera mann i eit bi-
belsk perspektiv, medan Jan Erik Lehre, for-
samlingsleiar i Misjonssalen i Oslo, undervis-
te om forholdet vårt til Gud, blant anna frå
Salme 51,12 («Gud, skap i meg eit reint hjar-
te, gjev meg ei ny og stødig ånd!»).

På dagtid fekk deltakarane utfordra kondis,
lår- og sete-muskclar. Veitastrond, Solvorn,

Urnes, Sognefjellet, Luster, Gaupne er nokre
av plassane dei spreke deltakarane var
innom. Alt etter fysisk form og motivasjon
delte gruppa seg på ulike nivå og ulike turar.

Etter nokre harde sykkeløkter var dei fleste
glade når dei reiste heim laurdag formiddag
at dei hadde søndagen til å restituere seg før
kvardagen var tilbake neste veke!



Dette skjer på Lyngmo:

JUNI 2017

- 9. - 11. Leir for 2 - 4 klasse
- 15. Småbarnstreff
- 16. - 19. Leir for 4 - 7 klasse
- 29. - 2. Lerum Cup

JULI 2017

- 2. - 9. Bibelsommar i Vest
- 9. - 15. Familieleir, Ungdom i
Oppdrag
- 19. - 25. Fjellvandringsleir v/
Nordhordland Indremisjon

AUGUST 2017

- 24. Småbarnstreff
- 25. - 27. Bibelhelg
- 31. Knøttekoret

SEPTEMBER 2017

- 7. Småbarnstreff
- 14. Knøttekor
- 15. - 17. Leir for 2 - 4 klasse
- 22. - 23. Loppemarknad
- 28. Knøttekoret
- 29. - 1. okt. Internatmøte for
kvinner

Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart
gitt i samband med gravferda
til Johannes Leirdal!

OKTOBER 2017

- 5. Småbarnstreff
- 6. - 9. Leir for 4 - 7 klasse
- 19. Småbarnstreff
- 20. - 22. Leir for 7 - 10 Klasse

"NORGE P.P."

B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

Sommarleir Lyngmo 2017

2 - 4 klasseleir 9.-11. juni 540,-

4 - 7 klasseleir 16.-19. juni 780,-

For påmelding og informasjon:

E-post: bua@lyngmoinfo.com / Tlf: 57 68 43 66

*Det vert gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2

*Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt

med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne løysingar for sponing i slike saker.



Sommerleir 2017

På vei til Himmelen

 **imfung.no**

